

---

Saksnr: 2020/70893-96  
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		25.05.2021

Endringar til sak 19/21 justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 – idrettstilbodet ved Sogndal vgs og presisering av vedtakspunkt 5.

Forslag til vedtak:

1. Opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 ved Sogndal vgs vert endra slik:
  - a. Tilbodet på vg1 studiespesialiserande utdanningsprogram vert redusert med ein klasse frå tre til to klassar.
  - b. Tilbodet på Vg1 idrettsfag auka med ein klasse, frå ein til to klassar.
2. Nytt vedtakspunkt 5 til PS sak 19/21 - Hovudutval for opplæring og kompetanse ønskjer å auke tal klassar noko i høve til innstillinga. På grunn av pandemien vil hovudutvalet gjera ein ekstra innsats overfor elevar og lærlingar i ei krevjande tid. Det vert lagt til grunn at kostnadene vert dekkja innanfor avdelinga sitt driftsbudsjett.

Samandrag

Idrettstilbodet ved Sogndal vgs:

Hovudutval opplæring og kompetanse fatta i sak 19/21, Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 vedtak om at Sogndal vgs skuleåret 2021/22 skal ha tre klassar vg1 studiespesialiserande og ein klasse vg1 idrettsfag. Fylkesutvalet har på bakgrunn av opplysingar som har kome fram etter at vedtaket vart fatta, bede hovudutvalet om å sjå på nytt på dimensjoneringa av desse to tilboda ved Sogndal vgs.

Vedtaks punkt 5:

Fylkestinget har delegert mynde til hovudutval opplæring og kompetanse til å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet, slik det går fram i reglement for økonomiforvaltninga pkt 3.2. I vedtakspunkt 5 fattar hovudutvalet vedtak om mellom anna å nytte fondsmidlar til å finansiere auka klassetal. Fondsmidlar er ikkje ein del av driftsmidlane og såleis ikkje innafor utvalet sin delegerte mynde. Vidare er det i sak PS 20/21 lagt opp til at utvidinga av klassetalet i Stor-Bergen vert finansiert ved omdisponeringar innafor driftsramma i 2021, og ved auka løyving i 2022. Sistnemnde skal handsamast saman med budsjett 2022. Hovudutval opplæring og kompetanse er delegert mynde til å fatte vedtak innafor eiga driftsramme. Framlegget i sak PS 20/21 legg opp til tilleggsløyving i 2022.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

Birthe Haugen  
seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

### Idrettstilbodet ved Sogndal vgs

Hovudutval opplæring og kompetanse fatta i sak 19/21 Justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2021/22 vedtak om at Sogndal vgs skuleåret 2021/22 skal ha tre klassar vg1 studiespesialiserande og ein klasse vg 1 idrettsfag.

I saksframlegget går det fram at:

*«Etter prognoseinntaket var det 66 søkarar med idrettsfag som første ønske. Nær 40 av desse hadde studiespesialisering som sitt andre ønske. Samla søking til desse to utdanningsprogramma ved skulen svarte til fire klassar. Fylkesdirektøren tilrår at det vert oppretta ein ekstra klasse vg1 idrettsfag ved Sogndal vgs. Ved studiespesialisering vert klassetalet redusert tilsvarande».*

I sak SI 12/21 Spørsmål frå Bjørkly (H) - opplæringstilbod idrett i fylkesutvalet 11.05.21 vart det stilt følgjande spørsmål:

*1. «Kan fylkesordførar gjere greie for kvifor posisjonen valde å gå imot innstillinga om å opprette 2 klassar idrett?»*

*2. Vil fylkesordførar ta initiativ til å sjå på saka på nytt i ljøs av dei sterke reaksjonane vedtaket har ført til?»*

Til dette svarte fylkesordføraren:

*«1. Fylkesordføraren viser til møtet i OPPKO, der drøftingane gjekk på å anten opprette to klassar idrett, eller tre studiespesialiserande og ein klasse idrett. Begge alternativa har konsekvensar, slik det er for alle skular. Grunngevinga for å sikra Sogndal VGS tre parallellar på VG1 SS, er knytt til kva vifte skulen vil kunna tilby av programfag framover. Sogndal VGS har ei brei vifte programfag, og bør ha det vidare.*

*2: Her viser fylkesordføraren til at samarbeidspartia i går sendte melding om at dei ber OPPKO ta saka opp på ny, og der det går fram at samarbeidspartia vil oppretta to klassar idrettsfag og samstundes ber om at skulane i indre Sogn går saman om å sikra ei best mogleg studietilbod framover.»*

På bakgrunn av dette vert dimensjoneringa av tilbodet innan studiespesialiserande vg1 og idrettsfag vg1 ved Sogndal vgs sendt attende frå fylkesutvalet til hovudutval opplæring og kompetanse til ny vurdering.

### Vedtaks punkt 5

I vedtaks punkt 5 heiter det:

*«Hovudutval for opplæring og kompetanse ynskjer å auke tal klassar noko i høve til innstillinga. På grunn av pandemien vil hovudutvalet gjera ein ekstra innsats overfor elevar og lærlingar i ei krevjande tid. Dette kan utfordra dei økonomiske rammene for fylkeskommunen, og hovudutvalet ber fylkesrådmannen søkja etter innsparingspotensiale innan administrasjon av skulane og løysingar innan sektoren elles, til dømes fondsavsetjingar. finansieringa må også sjåast i samanheng med vedtak i PS 20/2021.»*

Fylkestinget har delegert mynde til hovudutval opplæring og kompetanse til å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet, slik det går fram i reglement for økonomiforvaltninga pkt 3.2. *«Hovudutvala har mynde til innanfor sitt budsjett- og ansvarsområde å gjere endringar i og mellom løyvingsnivåa i driftsbudsjettet slik det går fram av budsjettreglement og dei årlege budsjettvedtak.»*

I vedtaks punkt 5 vert det fatta vedtak om at økonomisk dekning for auka klassetal kan gjerast mellom anna ved å nytta fondsavsetjingar eller å omdisponere handlingsrom som det er peika på i sak PS - 20/2021 Prognoseinntaket - konsekvensar for nærskuleområdet Stor-Bergen. Fondsavsetjingar er balansepostar og er ikkje ein del av driftsbudsjettet til sektoren. Hovudutvalet har difor ikkje mynde til å gjere vedtak om å nytte desse midlane til å opprette fleire klassar enn det er rom for i driftsbudsjettet.

Vidare er det i sak PS 20/21 lagt opp til at utvidinga av klassetalet i Stor-Bergen vert finansiert ved omdisponeringar innafor driftsramma i 2021, og auka løyving i 2022. Sistnemnde skal handsamast saman med budsjett 2022. Hovudutval opplæring og kompetanse er delegert mynde til å fatte vedtak innafor vedteke driftsramme. Framlegget i sak PS 20/21 legg opp til tilleggløyving i 2022.

Under handsaminga av saka vart det frå representanten Gadolin (A) lagt fram følgjande munnlege framlegg til vedtakspunkt 5:

*«Hovudutval for opplæring og kompetanse ynskjer å auke tal klassar noko i høve til innstillinga. På grunn av pandemien vil hovudutvalet gjera ein ekstra innsats overfor elevar og lærlingar i ei krevjande tid. Det vert lagt til grunn at kostnadene vert dekkja innanfor avdelinga sitt budsjett».*

Ved ein feil vart det ikkje votert over dette framlegget. Fylkesdirektør opplæring og kompetanse tilrår at vedtakspunkt 5 vert endra i tråd med representanten Gadolin sitt framlegg.

#### Vedtakskompetanse

Dersom vedtakspunkt 5 vert justert i tråd med framlegg til vedtak vil saka vere i tråd med delegert fullmakt og avgjerdsmynde til hovudutval opplæring og kompetanse jf. Reglement for økonomiforvaltninga pkt 3-2 og jf Reglement for hovudutval opplæring og kompetanse pkt 3, kulepunkt 1.

#### Vurderingar og verknader

##### **Økonomi:**

Dersom vedtakspunkt 5 vert justert i tråd med framlegg til vedtak, vil saka ikkje ha økonomisk effekt utover vedteke driftsbudsjettramme for sektoren.

##### **Klima:**

Ingen effekt

##### **Folkehelse:**

Ingen effekt

##### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Ingen effekt

#### Konklusjon

Dimensjoneringa av tilbodet innan studiespesialiserande vg1 og idrettsfag vg1 ved Sogndal vgs sendt attende frå fylkesutvalet til hovudutval opplæring og kompetanse til ny vurdering.

Fylkesdirektør opplæring og kompetanse tilrår at vedtakspunkt 5 vert endra i tråd med representanten Gadolin sitt framlegg.